

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 20. september 2011.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Bjørn Nome.

Hans Bakke, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Sverre Sæter, Hans Kristian Lehmann, Kjell Gunnar Heggenes, Haldor Kaasin og Fylkesberedskapssjef Elisabeth Danielsen.

Møteinnkallinga dagsett 13. september 2011 og sakliste vart samrøystes godkjent utan merknader.

Sak 51/2011 Referat frå rådsmøte 9. august 2011.

Vedtak: "Referat frå rådsmøte 9. august 2011 vart godkjent utan merknader."

Samrøystes

Sak 52/2011 Strategisk Næringsplan - finansiering

Haldor Kaasin, leiar i VTNU AS, var tilstades og orienterte om arbeidet med finansieringa av Strategisk Næringsplan 2011-2014 for Vest-Telemark. Som rådet tidlegare er orientert om ynskjer ikkje Telemark Fylkeskommune å gå inn på noko programfinansiering av næringsplanen eller partnerskapsfinansiering. Det må søkast finansiering av dei ulike prosjekta einskiltvis og det vart lagt fram ein oversikt over korleis dette er tenkt gjennomført.

Vedtak:

"Vest-Telemarkrådet tek framlegget til samla finansieringsplan for Strategisk Næringsplan 2011-2014 til vitande. Prosjektutførarane må snarast råd søke om finansiering av dei einskilte tiltaka" Samrøystes

Sak 53/2011 Pilgrimsvegen til Røldal, forstudie

Prosjektleiar Ole Dalen, VTNU AS, var tilstades og orienterte om arbeidet med forstudiet. Han orienterte om PLP prosessen og prosjektets posisjon i denne strukturen.

Vedtak:

"Vest-Telemarkrådet tingar det framlagte forslaget til forstudie innafor ei ramme på kr. 70.000,- finansiert gjennom Strategisk Næringsplan 2011 – 2014." Samrøystes

Sak 54/2011 Beredskapsarbeidet i regionen, drøfting

Fylkesberedskapssjef Elisabeth Danielsen orienterte innleiingsvis. Ho viste til kommunanes beredskapsplikt og tok utgangspunkt i ulike hendingar i den seinare tid der beredskapsarbeidet har stor betydning. Døme på slike hendingar er: Fare for flaum i Notodden og Tinn, rasfare i Tinn, kriseteam - arbeidet i samband med hendingane 22. Juli.

Av positive ting kan nemnast Nissedal kommune sin nye status som "trygg kommune", Bamble sin beredskapspris 2010 osb.

ROS-analysene dannar grunnlaget for beredskapsarbeidet i kommunane. Kommuneane i Vest-Telemark har felles utfordringar og det er aktuelt å vurdere eit auka samarbeid i regionen. Rådmennene har i oppdrag å vurdere dette nærare. Erfaringane viser at det er vanskeleg å få statlege etatar med i beredskapsråd. Ein bør også ha fokus på politiets rolle. Ofte er det kommunane sine beredskapseiningar som kjem fyrst kjem fram til skadestaden og som må leie arbeidet inntil politiet er på plass. Vest- Telemarkrådet er også uroa av statens aukande krav innan beredskapsarbeidet, medan desse ikkje vert fylgd av auke i dei økonomiske midlane

Vedtak:

"Vest-Telemarkrådet tek orienteringa og drøftingane til vitande. Rådmennene utarbeider forslag til uttale knytt til statens manglande økonomiske oppfylgning av nye pålegg."

Sak 55/2011 Informasjon om regionsamarbeidet, drøfting omkring arenaer og strategiar.

Regionordførar Anne Nora Oma Dahle og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes orienterte om bakgrunnen for drøftinga.

Ei viktig spørsmålsstilling er: Korleis få informasjon om regionen ut til kommunestyremedlemene og andre aktuelle mottakarar? I nokre kommunar har ordføraren eigen post i kommunestyremøte med orientering frå rådsmøta. Det er ynskjeleg at kommunestyremedlemene får naudsynt opplæring om det regionale nivået. Rådssekretariatet vil gjerne kome i dei enkelte kommunestyra for å orientere om regionen, og Vest-Telemarkrådet må integrerast på kommunane sine nettsider.

Det er også ynskjeleg å skipe til eit felles kommunestyremøte med orientering om regionen og samhandlingsreformen.

Vedtak:

"Vest-Telemarkrådet tek drøftinga til vitande".

Sak 56/2011 Vest-Telemark Museum. Søknad om tilleggsøyving i samband med utbygging i Eidsborg.

Regionrådsordførar Anne-Nora Oma Dahle orienterte om bakgrunnen for sakshandsaminga av søknaden i høve til Fellesfondet og regionrådet.

Direktør Dag Rorgemoen ved Vest-Telemark Museum orienterte om status i prosjektet og bakgrunnen for søknaden.

I ordskiftet kom det fram at det er ynskjeleg å løyve dei omsøkte midlane og at slik løyving kan gjerast utan at dette bryt med dei prinsipielle vedtaka som er gjort i høve til grunnfondsmidlane.

Vedtak:

"VTR løyver kr. 250.000,- i tilleggsøyving til bygginga av adm- og samlingsbygg/verkstad i Eidsborg. Ein grunnjev dette med at byggeprosjektet vart påbyrja før Fellesfondet og VTR gjorde sine prinsippvedtak vedr. bruk av dei resterande midlane.

Løyvinga vil difor ikkje stride mot gjeldande prinsipp og heller ikkje skape presedens for seinare saker". Samrøystes.

Sak 57/2011 Orienteringssaker

- **LVK. Maks-tak, status.** Nissedal har sagt nei til vidare kraftutbygging på bakgrunn av den uavklarte situasjonen i maks-taksaken.medan. Seljord kommune ynskjer ikkje å ramme konsesjonshandsaminga av småkraftverk.
Vest-Telemarkrådet vil gje tilbakemelding til LVK for godt arbeid i denne saka og ynskjer å gje ros til Vest-Telemark Blad for sitt engasjement og deltaking på LVK konferansen i august.
- **Regionrådskonferansen 2011.** Anne-Nora orienterte om ein god konferanse på Hell. Neste år har Drammenregionen ansvaret for konferansen.
- **Høgfartsbanen over Haukeli, status for arbeidet.** Arne Vinje orienterte om arbeidet. Det er viktig at ein får endra haldningane til Haukelibanen i Telemark fylkeskommune og næringslivet i Vest-Telemark.
- **Mobilutbygginga** – utsett
- **PLP-kurs – betydning/bruksområde/deltaking.** Viktig at Vest-Telemark kommunane nyttar seg av kurstilbodet som er etablert ved hjelp av LUK midlar i Telemark.
- **Politikar 2020** - Politikarskulen kjem i 2012 som eit fag på Høgskulen i Telemark .
- **Forlikråda, mogleg samarbeid.** Solveig Sundbø Abrahamsen tok opp spørsmålet om rådet kunne greie ut om eit samarbeid i Vest-Telemark. Rådet ber om at rådmennene lagar ei forstudie for å greie ut eit eventuelt samarbeid.
- **Vest-Telemarktreffet 2011.** Olav Veum og Elisabeth Lid orienterte. Treffet er lagt til 6. oktober i kulturslottet Soria Moria på Torshov i Oslo med eit variert og godt program. Det er ynskeleg med god deltaking frå alle Vest-Telemarkkommunane og næringslivet.
- **Samarbeidet mellom dei ulike nivå i regionen.** Det vart drøfta spørsmål knytt til samarbeidet mellom Rådet, sekretariatet og rådmannsutvalet.
- **Politiet/namsmannfunksjonen i kommunane.** Spørsmålet om ordninga med eigen namsmann i kommunane vart drøfta. Dette på bakgrunn av opplysningar om at det no vert arbeidd med ei sentralisering av tenesten.
- **Val i KS Telemark 28.-29.11.2011.** Dette valet bør innrettast slik at alle kommuneregionane vert representert i styret for KS Telemark.
- **Overgangsordninga i rådet/tinget** i samband med valet, vart drøfta.
- **Ungdomskortordning i Telemark.** Problemstillinga er m.a. at ordninga ikkje kan gjelde ekspressrutene utan meir midlar. Regionen sender søknad til Fylkeskommunen om etablering av ordninga.
- **Samhandlingsreformen.** Samhandlingskoordinator Sissel Bitustøyl blir invitert til rådsmøtet i oktober for å orientere nærare om arbeidet med samhandlingsreformen.

Sak 58/2011 Ymse

Ingen saker

Referent: Haldor Kaasin